

Bertel. T Kommedal

Gravhaugar på Frafjordgarden

Dette er ein av dei mange kulturhistoriske artiklane Bertel Tobias Kommedal (1867-1924) skreiv. Artikkelen er reinskriven frå eit handskrive manus, men opprinneleg ortografi og setningar er tekne vare på. – Gravhaugane han omtalar på Hauane er sannynlegvis dei som vart utgravne i 1955 av Oddmund Møllerop på gnr 55 bnr 3. Funna her var frå vikingetid. /Per Terje Haaland.

Gravhaugen på "Turra heiå" var stor – 15 – 20 alen i tverrmål, oppgraven. Per Bjørnsen grov han oppatt i 1860 (han hadde då vore utjamna noko i lenger tid og gjort til åker. Han fann ei stor skål som ein ølbolle av kleberstein. Skåli hadde ei gamal sprunge som var stytta med ein jarnkrampe. (Skåli vart seld til ein oppkjøpar av oldsaker for kr. 5 ca. 1870.) Vidare fann Per eit sverd og nokre pilespissar, ein fingerring av bronse i slangemønster (slange forin i original B.T.K.). Den andre haugen på Turra heiå dyrka Børge Person og sletta han ganske ut i 1898. Haugen var fint rund, men i denne fann han ingenting.

På Hauane var det minst to store gravhaugar, den ein vart sletta og dyrka i 1855, veit ikkje om funn der. Den andre ligg endå (ca. 1923) uoppgraven, men er som dei andre røva i eldre tid. 15-20 alner i tverrmål. Same stad lang, smal haug som ingen då (1923) visste kva inneheld. Der som Børge sette løda fann dei nokre jarnrestar i jordi.

På Storevodlen stor, vid, men ikkje høg gravhaug. Utsletta av Asbjørn Bjørnson i 1856. Litt jarnskrap fann dei der som dei fleste stader. Dessutan låg det ein svær rundlagd stein på 3 alen laus. Steinen må ha vore tilførd for han var av leirskifer, kanskje det har vore ein bauta ?

På Hedleågeren ein gravhaug og ved sida av den ein stor bauta, kalla Frane. Kvar jol bar dei graut og øl til steinen, og det heldt seg ut i 1800-åra.